

## Vekeplan 8. trinn

## Veke 13 og 14

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
Norsk	<ul style="list-style-type: none"><li>• Lesa og snakka om skjønnlitterære tekstar</li><li>• Skriva saktekstar</li><li>• Kunna argumentera for og i mot ei sak</li></ul>
Matematikk	<ul style="list-style-type: none"><li>• Utforska algebraiske reknereglar</li><li>• Laga og forklara rekneuttrykk med tal, variablar og konstantar knytt til praktiske situasjonar</li><li>• Laga, løysa og forklara likningar knytte til praktiske situasjonar</li></ul>
Samfunnsfag	<ul style="list-style-type: none"><li>• Gjera greie for korleis arbeidarar har kjempa for rettane sine</li><li>• Forklara kva arbeidsmiljølova er</li><li>• Reflektera over kvifor arbeidarar sine levekår har endra seg over tid, og kvifor dei er ulike i forskjellige land</li><li>• Utforska kva for nokre rettar som gjeld i arbeidslivet i dag</li></ul>
KRLE	<ul style="list-style-type: none"><li>• Utforska andre sitt perspektiv, og handtera ueinighet og meiningsbryting</li><li>• Få innsikt i korleis jødedommen inngår i historiske prosessar i Europa</li><li>• Tenkja over korleis det er å tilhøyra ein liten minoritet i Noreg</li></ul>
Spansk	<ul style="list-style-type: none"><li>• Å sei kva du vil kjøpa</li><li>• Å sei kva du vil ha eller ikkje ha</li><li>• Å spørja kva noko kostar</li><li>• Mat og klær</li></ul>
Tysk	<ul style="list-style-type: none"><li>• Kunna snakka om vennar, familie og kjæledyr</li><li>• Kunna seia nokre rekkjetal og datoar</li><li>• Kunna bruka modale hjelpeverb</li></ul>
Eng fordj	<ul style="list-style-type: none"><li>• Vi forset med temaet Let's cook!</li><li>• Les ein tekst om fast food og svarer på spørsmål, gjer lytting og repeterer ord fra forrige tema.</li></ul>
Kroppsøving	<p><b>Volleyball:</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Trena på og utvikla ferdigheiter i varierte bevegelsesaktivitetar.</li><li>• Trena på og utvikla ferdigheiter i lagidrettar og alternative bevegelsesaktivitetar/individuelle idrettar.</li></ul> <p><b>Symjing:</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Utføra varierte symjeteknikkar og kunna symja ein lengre distanse basert på eiga målsetjing</li></ul> <p><b>Innsats:</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Praktisera innsats ved å bruka eigne ferdigheiter og kunnskapar på ein slik måte at det kan medverka til framgang for andre</li><li>• Prøva å løysa faglege utfordringar etter beste evne utan å gje opp, visa sjølvstende, utfordra eigen fysisk kapasitet og samarbeid med andre</li></ul>
K&H	<ul style="list-style-type: none"><li>• Utvikla løysingar gjennom ein stegvis designprosess og vurdera haldbarheit, funksjon og estetisk uttrykk</li><li>• Fordjupa deg i ei visuell uttrykksform og/eller ein handverksteknikk, utforska ulikskapar gjennom praktisk skapande arbeid og presentera val frå idé til ferdig resultat</li></ul>
Kantine	<ul style="list-style-type: none"><li>• Laga god og ernæringsriktig mat</li><li>• Halda god hygiene</li><li>• Jobba med rekneskap og plakatdesign</li><li>• Gjennomføra sal</li><li>• Hugs forkle og hårstrikk til alle kjøkkenøakter</li></ul>
Fys.ak.	<ul style="list-style-type: none"><li>• Øva på og gjennomføra bevegelsesaktivitetar aleine og saman med andre</li></ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Akseptera at me har ulike ferdighetsnivå, vera inkluderande og positiv, og bruka ferdigheitene sine til å spela andre gode</li> </ul>
<b>Arbeidslivsfag</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Planleggja praktiske og yrkesretta arbeidsoppdrag</li> <li>• Produsera og levera varer og tenester etter kvalitetskrav</li> </ul>
<b>Friluftsliv</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Halda orden på og vurdera bruk av utstyr og kledning</li> <li>• Ferdast i naturen på en trygg og sporlaus måte og ta ansvar for seg sjølv og andre</li> </ul>
<b>Design</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Designa og redesigna i ulike materiale på ein kostnadseffektiv og miljøbesparende måte</li> </ul>
<b>Olweus</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vera ein god klassevenn</li> <li>• Korleis snakka om og med kvarandre</li> </ul>

## INFORMASJON TIL HEIMEN

Takk for godt fram møte på foreldremøtet. Presentasjonen frå fellesdelen ligg under "Brev og beskjedar".

### Ung data-undersøkinga

I 2025 blir Ungdata-undersøkinga gjennomført i Time kommune blant elevar i 8.- 10. klasse. Undersøkinga går føre seg på skulen i løpet av veke 13. Målet er å få ei oversikt over korleis ungdom har det og kva dei driv med i fritida. Meir informasjon finn ein på heimesida.

### Utviklingssamtalar

Lærarane held på med å avslutta elevsamtalane, og dei startar nå opp med utviklingssamtalane. Kontaktlærar sender ut innkalling til samtalen

### DKS-besøk

31. Mars får med besøk av DKS. Her kan du lesa om framsyninga:

"The Games We Play" er en danse- og parkourforestilling som handler om viktigheten av lek i livet. Parkour er en unik, urban og akrobatisk måte å bevege seg på. I denne forestillingen settes parkour og dans sammen og blir til en hyllest til den risikofylte leken og er en forestillingsopplevelse full av energi. Ved hjelp av et metallstativ, et bord, tre stoler og en liten ball fortelles historier om vennskap, frykt, lekeplassen, skolegården, den første forelskelsen, men først og fremst leken. Utøverne framstilles likestilte uavhengig av kjønn; like sterke og deltakende der ingen fanges av klassiske kjønnsrollemønstre. Forbered dere på en fartsfylt og gøy opplevelse!

## PRØVAR, INNLEVERINGAR OG FRAMFØRINGAR

Fag	Kva	Vurdering	Veke/dato
Matematikk	Skriftleg prøve i kapittel 3: algebra	Karakter	Veke 13, 1. og 2. time torsdag
Norsk (Hovudmål)	Skriveøkt (2 timar)	Karakter	Veke 14, onsdag 1.og 2. time

## HEIMEARBEID VEKE 13

<b>Norsk</b>	Les 3 gonger 20 minutt i boka di. Hugs sidetal
--------------	--

<b>Matematikk</b>	Undervegsvurdering 3 s. 234-235. Bruk målar og førebu deg til prøven på torsdag.
<b>Samfunnsfag</b>	Jobbar du ved sida av skulen, eller kunne du tenkja deg å gjera det? Kor mykje synest du det er passe å jobba, og kor høg burde løna vore?  <b>Oppgåve 1:</b> Lag ei liste med «krav» til arbeidsgjevaren din der du seier korleis du vil ha det på jobben. Ta med ting som lønn, arbeidstid og pausar.  <b>Oppgåve 2:</b> Lag også ei omvendt liste: Kva krav og forventningar trur du arbeidsgivarane har til ein nyttilsett ungdom? Kva plikter har ein tilsett ved ei bedrift? Ta med ting som pålitelegheit, presist oppmøte og innsats.
<b>Naturfag</b>	Gjer oppgåve 8 i Solaris 8 og side 156 og Sjå vedlagt video og gi ei forklaring på friksjon. <a href="https://www.nrk.no/skole/?mediald=21208&amp;page=search&amp;q=friksjon">https://www.nrk.no/skole/?mediald=21208&amp;page=search&amp;q=friksjon</a>
<b>Spansk</b>	Lær tall fram til 100. Gloseprøve på torsdag
<b>Tysk</b>	Sjå Onenote veke 13
<b>Eng fordj</b>	Sjå OneNote
<b>Arbeidslivsfag</b>	Sjå Teams
<b>Kroppsøving</b>	<b>Volleyball:</b> Hugs å ta med gymklede og sko til å vera <u>inne</u> . <b>Symjing:</b> Partalsveker: 8AD. Oddetalsveker: 8BCE.
<b>Kantine</b>	Vegard si gruppe møter på kjøkken. Husk innesko, forkle, hårstreikk og iPad  Anne Marie si gruppe møter i klasserommet
<b>Friluftsliv</b>	Møt ved frilageret nede ved Sivdammen kl. 08:00. Me skal henta hengekøyer, og øva på å setta dei opp i Sandtangen. Ta med klede etter veret.

<b>HEIMEARBEID VEKE 14</b>	
<b>Norsk</b>	<b>Førebu deg til skriveøkt onsdag.</b> Les 3 gonger 20 minutt i boka di. Hugs sidetal.
<b>Samfunnsfag</b>	Sjå ei nyheitssending i løpet av veka: <a href="#">Dagsrevyen 21 - NRK TV</a> . Skriv 3 setningar om <b>to</b> av nyheitssakene.
<b>KRLE</b>	Skriv ei oppsummering om jødedom som du kan bruka då du skal førebu deg til skriftleg prøve neste veke. Få med sentrale delar av religionen og kvardagen som jøde. Skriv minst 50 ord. Lever på OneNote.
<b>Naturfag</b>	Gjer oppgåve 1-4 på side 164.
<b>Spansk</b>	Les 2 gonger høgt side 98 i boka Gente 8
<b>Tysk</b>	Sjå Onenote veke 14
<b>Eng fordj</b>	Sjå OneNote
<b>Arbeidslivsfag</b>	Sjå Teams
<b>Kroppsøving</b>	<b>Volleyball:</b> Hugs å ta med gymklede og sko til å vera <u>inne</u> . <b>Symjing:</b> Partalsveker: 8AD. Oddetalsveker: 8BCE.
<b>Valfag</b>	Valfag utgår denne veka pga. norsk skriveøkt.

